Protokoll frå årsmøte i Vestland Frivilligsentralar.

Stad for møtet: Digital plattform TEAMS (digital link)
Tid for møtet: Onsdag 7. apr 2022 kl. 13.00

Representantar frå styret i Vestland Frivilligsentralar var samla i rådhuset i Førde. Leiar i foreininga, Kari Valle, helste velkomne og registrerte delegatane. Innkalling til møtet og sakliste blei godkjent.

1. Registrering av frammøtte

Det blei godkjent 32 røysteføre delegatar.

2. Val av ordstyrar, sekretær og teljekorps

Kari Valle (Førde FVS) vart valt til ordstyrar.
Per Ole Ekker (Knarvik FVS) blei valt til sekretær.
Margrethe Reisæter tok jobben som teljekorps saman med sekretær.

3. Val av personar til å underskrive protokoll

Sandra Hjønnevåg (Gaular FVS) og Margunn Hamre Vassdal (Stord FVS) blei valt.

4. Årsmelding 2021

Ordstyrar las opp årsmeldinga og det kom ett innspel på korrektur:
EU-ungdomsprogrammet European Voluntary Service (EVS) rettast til -
EU-ungdomsprogrammet European Solidarity Corps (ESC)

Vedtak: årsmelding godkjent med merknad.

5. Handlingsplan 2022

Handlingsplanen vart godkjent slik den ligg men det takast med nokre konkretiseringar i punktane som gjeld medlemsoppfølging, møtefrekvens og deltaking på samlingar. Det kom inn ønskje om presisering kring

- fagdag i samband med årsmøte i foreininga
- fagdag i samarbeid med eit nettverk om hausten
- gjennomføring av samlingar i «dei gamle fylkesledda», dvs gamle Sogn og Fjordane og Hordaland. Dette grunna storleiken på Vestland fylke.

Vedtak: Handlingsplanen godkjent med nemte konkretiseringar.

6. Rekneskap 2021

Sekretær orienterte kring rekneskapen og gjorde merksam på at rekneskapen som blei lagt fram ikkje hadde blitt revidert av rekneskapsfirma til årsmøtedagen. Rekneskapsåret 2021 var prega av særs lite rekneskapsaktivitet grunna pandemien som opne opp og stengte ned samfunnet gjennom heile året. Rekneskapsmessig er difor året å rekne som eit interim-år i og med at det ikkje har vore anledning til å gjennomføre aktivitet som hadde gitt kostnadar i eit normalår.

Vedtak: rekneskapen er godkjent slik den ligg føre med merknad om at den ikkje er revisorgodkjent. Revisorgodtkjent rekneskap vil bli lagt ut på heimesida til foreininga.

7. Budsjett 2022

Sekretær orienterte kring budsjettet for 2022. Det kom inn forlag om å bytte om styret sitt forslag på summane for kontingent og konferanseavgift. Dette kom det ingen motforslag på.

Vedtak: Budsjettet godkjent med endring av kontingent frå kr 1000,- til kr 500,- pr medlemssentral. Konferanseavgift blei endra frå kr 500,- til kr 1000,- pr medlemssentral. Totalbudsjettet er difor uendra.

8. Kontingent

Saka kring kontingent var diverre gløymt ut då saklista blei laga. Årsmøtet godkjente at kontingent blei handsama i samband med budsjettet slik vedtatt i punkt 7 på saklista.
Vedtak: kontingenten er sett til kr 500,- pr år.

9. Val

Valnemda med representant Astrid Grete Torheim (Eid FVS) la fram forslag på styre.

Styremedlem frivillig – Astrid Halstensen (Askvoll) – leiar 1 år
Styremedlem tilsett – Margun Vaksdal (Dagleg leiar Stord FVS) – 2 år
Styremedlem tilsett - Margrethe Utkilen (Dagleg leiar Austevoll FVS) – 1 år
Styremedlem frivillig - Gunvor Sunde (frå Gloppen) – 1 år
Styremedlem frivillig - Anne Kristin Førde (frå Bremanger) – 1 år
Styremedlem frivillig - Alf Kåre Dalsbø (frå Hordaland Røde Kors) – 2 år
Styremedlem uavhengig - Frode Kyrkjebø (frå KS Vestland) – 1 år

Vararepresentant: Anne Lene Rasmussen – (Dagleg leiar Mølleren FVS) – 2 år
Vararepresentant: Gunn Hilde Øymo – (Dagleg leiar Grannehjelpa FVS) – 2 år

Valkomitè:
Astrid Grete Torheim (Dagleg leiar Eid FVS) (for 1 år)
Anne Torhild Johannesen (Dagleg leiar Bømlo FVS) (1 år)
Liv Bente Steiro (Dagleg leiar for Jondal FVS) (for 2 år)
Frank Roger Eldegard (Årdal FVS) (for 1 år)

Revisor Vestland Revisjon

Avslutningsvis: Tusen takk til Kari Valle ved Førde FVS for leiarskapet, initiativet og den gode tilrettelegginga ho har vist dette driftsåret.
Knarvik 9 apr 2022

Per Ole Ekker - sekretær

Protokollunderskrift

Sandra Hjønnevåg (Gaular FVS) Margunn Hamre Vassdal (Stord FVS)

Sign. Sign.

Epost mottatt 27 apr 2022 kl 08:56 - «Protokoll OK»

Fra: sandre.hjønnevag@sunnfjord.kommune.no

Epost mottatt 2 mai 2022 kl 14:32 – «Protokoll, ok.»

Fra: margunn.hamre.vassdal@stord.kommune.no